DEN NORSKE KYRKJA
Giske kyrkjelege fellesråd

Årsmelding
For
Giske kyrkjelege fellesråd
2018



1. RÅDSORGANA

1.1 FELLESRÅDET for 2018 har vore samansett slik:

Arnfinn Rune Giske	Giske sokneråd, leiar
Rolf Kjell Giske	Giske sokneråd, medlem
Elisabet Sundgot	Valderøy sokneråd, medlem
Sigvald Sæther	Valderøy sokneråd, nestleiar
Sigrid Roaldsand	Vigra sokneråd, medlem
Håvard Bjørnelv	Vigra sokneråd, medlem
Jan Ove Skodje	Kommunal representant
André Sjåvåg	Sokneprest i Valderøy sokn, geistlig representant
Varamedlemar	
Eldar Røsvik, 1. vara	Giske sokneråd
Ståle Godø, 2. vara	Giske sokneråd
Elda Nordstrand, 1. vara	Valderøy sokneråd
Aksel Odd Roald, 1. vara	Vigra sokneråd
Bente Stornes, 2. vara	Vigra sokneråd
Emil Knardal, vara	kommunal repr.
Geir Sakseid, vara	sokneprest i Giske og Vigra sokn, geistlig vararepr.

Ansvarsområde:

«Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver for soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen...»

(*Kyrkjelova § 14*)

Fellesrådet

- Ivaretar sokna sine felles interesser overfor kommunen og sentralkyrkjelege aktørar
- Vedtek felles mål og planar for den kyrkjelege verksemda i fellesråds-området
- Forvaltar kommunale og statlege tilskudd på vegne av sokna
- Er arbeidsgjevar for alle tilsette i sokna (ikkje prestane)
- Forvaltar kyrkjer og gravplassar og utøver gravferdsmyndigheit
- Samarbeidsorgan for sokna

1.2 Sokneråda

Giske fellesrådsområde har 3 sokn, Giske, Valderøy og Vigra sokn.
Sokneråda driv som sjølvstendige einingar og har eiga årsmelding og eige rekneskap.

Sokneråda sitt ansvarsområde:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet». (*Kyrkjelova § 9)*

Barnekoret «Kor-Tøfft». Barnekoret tek del i gudstenester og andre samlingar, og er ein inspirasjon i kyrkjelydane. Barnekoret har eige styre og er underlagt Valderøy sokneråd.

2. Arbeidet i Fellesrådet 2018

Fellesrådet består av to representantar frå kvart av sokneråda, forutan soknepresten og ein kommunal representant. Fellesrådet har i 2018 hatt 5 møter og handsama 42 saker.

Av desse sakene nemner eg særskilt:

* Endeleg godkjenning av 2018 budsjettet
* Kyrkjegardsplanen for Valderøy
* Oppdatering av reglement
* Stillingsinstruks for kantor
* Billettprisar for guiding i Giske kyrkje
* Årsmelding og rekneskap for 2017
* Kyrkjegardsplan Valderøy med kostnadsoverslag
* Økonomiplan for 2019-2022
* Bygningsutvalet
* Reforhandle tenesteytingsavtalen
* Val av byggeleiar til gravplassprosjekt
* Tilsetting sekretær
* Søknad om løyve til studium
* Orienteringssak om endring av folkeregisterlov, kyrkjestove på Giske og kyrkjeeigedom ved Roald hamn
* Halvårsrapport
* Driftsbudsjett for 2019
* Gravplass
* Utviding gravplass Valderøy, framdrift og plan vidare
* Lønsforhandling for kyrkjeverjen
* Høyringssak ny kyrkjeordning
* Konstituering for 2019
* Forsikringssak
* Utleige Johanneskapellet

2.1 Økonomi

2018 har vore prega av at vi får strammare driftsrammer. På første møtet i 2018 så vedtok vi endelig budsjett etter enda meir kutt etter kommunestyret sitt desembermøte.

Økonomireglement og delegasjonsreglement vart oppdatert i møte 07.02.2018. Samtidig vart også godkjenning av rekningar og reiserekningar digitalisert. Noko som gjorde tilvising og attestering enklare.

4-års økonomiplan vart oppdatert og med det blir det også synleggjort forventa kostnader på investeringssida. Fellesrådet arbeider no med utviding av Valderøy gravplass og må starte plan for utviding ved Godøy gravplass så snart som mogleg.

Fellesrådet har bedt kommunen om reforhandling av tenesteytingsavtalen som er på kr 800 000,- for drift av gravplassar og kontorhald. Avtalen bør justerast til dagens prisnivå.

2.2 Rekneskap 2018

Rekneskapet for 2018 syner eit underskot på driftsrekneskapet med kr. 150 442,56 (2017 hadde vi kr 269 847,76 i overskot) Underskotet på driftsrekneskapet må dekkast inn av disposisjonsfond. Udekka i investeringsrekneskapet på kr 78 482,23 (2017 udekka kr 554 397,82) skal dekkast av disposisjonsfond.

Grunnen til underskotet i rekneskapen er i stor grad svikt i guideinntektene. Reisemålet for cruiseturistane til Giske kyrkje heng saman med Alnes fyr. I staren av sesongen hadde vi svært mange bestillingar men ein god del vart avlyst dagen før oppmøte. Nesten heile guidesesongen hadde tunellane stengd og vi hadde om lag 3 000 besøkande mot 9-10 000 eit vanleg år. Konto 1621 4000 4200 billettinntekter guding. Inntektene på guiding for året 2018 er kr 99 494,46 mot 2017 der det var kr 328 097,- (2016 kr 359 678,-).

Konto 1010 fast løn 4000 4100 var det budsjettert med for mykje løn. Vi avgjorde å føre 10% av løna til kyrkjeverjen på prosjekt 4301 utviding og opparbeiding av kyrkjegard på Valderøya for å synleggjere arbeidet med å drive prosjektet som blir gjort i samband med utvidinga. Kommunen utfører ikkje dette arbeidet for fellesrådet men fellesrådet har ansvar for å førebu og gjennomføre utvidinga samt å skaffe midlar.

Konto 1240 vedlikehald/serviceavtalar inventar og utstyr og 1241 vedlikehald servic- og reparasjonsavtalar edb 4000 4100. Desse to hadde til saman kr 30 558,- i utgifter. Det var ikkje budsjettert noko for desse kontoane men vi hadde budsjettert for same utgiftene på konto 1196 lisensar 4000 4100 med kr 30 000,-.Dette kom ikkje med i den siste budsjettjusteringa for 2018.

Konto 1180 4000 4200 straumutgifter kyrkjer. Vi har brukt for kr 159 617,68 (2017 kr 132 895,-, 2016 kr 129 753,-) Straumutgiftene har auka ein del i 2018 men vi har fokus på straumsparing og har fjernstyring av varme både i Vigra kyrkje og Giske kyrkje. I Valderøy kyrkje har vi redusert oppvarming sommarhalvåret.

Konto 1185 4000 4200 Forsikringspremien for kyrkjebygga utgjer kr 61 926,- (2017 kr 60 903,-) for bygningar med inventar. Vi hadde alle alle forsikringane gjennom KLP både bygningsforsikringar, personalforsikringar og pensjonsforsikring. KLP meldte i 2018 at dei går frå fullverdiforsikring til førsterisikoforsikring på freda og verna bygg. Førsterisiko betyr at forsikringssummen dekker tapet, men ikkje nødvendigvis kostnadane ved å setje opp eit nytt bygg med dagens standard. Fellesrådet har valt å bytte forsikringsleverandør frå 2019 og vel då Knif trygghet forsikring for kyrkjebygga. Vi fortset å ha personal- og pensjonsforsikringar i KLP.

Kontor 1230 4000 4200 vedlikehald bygg har det gått ut kr 45 885,- (2017 kr 62 028,-. 2016 kr 15 878,-)

Konto 1232 4000 4200 vedlikehald av utstyr (i bygg)er utgiftene på kr 54 434,- (2017 kr 28 535,-, 2016 kr 82 038,-) dette er hovudsaklig reparasjonar av utstyr. Denne kontoen heng saman med det som blir ført på 1240 4000 4200 Vedlikehald/ - serviceavtalar inventar utstyr kr 33 203,- for 2018 og kr 0 i 2017. For konto 1240 var budsjettet sett i 0. Dei største rekningane på denne kontoen kom heilt på slutten av året. Det var vedlikehald av kyrkjeklokkene for dei tre kyrkjene i Giske (vedlikehaldet vart gjort i mai). For året 2018 har vi hatt ein del utgifter mellom anna til orgelet i Valderøy kyrkje som fekk oppgradert programvare til det elektroniske orgelet. (første gang sidan det var nytt). Sprinkelanlegget ved Vigra kyrkje måtte ha ny generator, det vart ein stor kostnad. Det kostar ein del med service både til sprinkelanlegget i Vigra kyrkje og heisa i Valderøy kyrkje. Vi er bundne av serviceavtalar som vi er pliktige til å ha.

Konto 1187 4000 4200 Drifta av alarmane kostar oss kr 53 386,- mot 2017 kr 66 185,- 2016 kr 58 798,-.

Konto 1190 4000 4200 Husleige for Godøy bedehuskapell og Alnes bedehus kom på kr 87 000,- i 2018 (2017 kr 58 000,- 2016 kr 87 000,-).

Konto 1240 vedlikehald/ - serviceavtaler 4000 4300 gravplassar har vi ikkje budsjettert med utgifter men vi valde å føre drifta av gravplassprogrammet på denne kontoen for å synleggjere utgifter med gravplassen samt vedlikehald av festeavtaler.

2.3 UTVAL

2.3.1 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er samansett av tre representantar frå arbeidsgjevarsida og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Administrasjonsutvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og arbeidsgjevar.

Medlemmar i administrasjonsutvalet
Elisabet Sundgot og Arnfinn Rune Giske og kyrkjeverja.
Vararepresentantar:
1.vara, Sigrid Roaldsand og 2.vara, Rolf Kjell Giske.

Arbeidstakarorganisasjonane: Berit Johansen og Inger Magelsen Godø.
Fellesrådleiar er vara for kyrkjeverja.

Administrasjonsutvalet førebudde ei tilsetjingssak med intern utlysing for fellesrådet i 2018.

2.3.2 Forhandlingsutvalet

Utvalet er utnemnt av arbeidsgjevarsida og består av tre representantar:
Medlemar i forhandlingsutvalet
Sigrid Roaldsand, Rolf Kjell Giske og Håvard Bjørnelv.
Kyrkjeverja er til vanleg sakshandsamar/sekretær.

2.3.3 Bygningsutval

Medlemar i bygningsutvalet
Sigvald Sæther, Jan Ove Skodje og Rolf Kjell Giske. Bygningsutvalet tok sin årlege gjennomgang av kyrkjer og gravplassar for å sjå på tilstand av bygningsmasse og gravplassar. Dei legg fram prioritert liste med vedlikehaldsbehov for fellesrådet.

3.PERSONALET

Kyrkjeverje:	Turid Urkedal Valderhaug (100%)
Diakon:	Berit Johansen (100%)
Kyrkjelydspedagog:	Anne Helen Roaldsnes (100%)
Sekretær:	Vigdis Paulsen (40%) fram til 09. august 2018.
Sekretær:	Inger Magelssen Godø 14% engasjement fram til 14 august 2018. Deretter 40% fast stilling.
Organist:	Dag Filip Roaldsnes (40%)
Kantor:	Margaret Standal Volle Haugland (100%)

Vigra kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar	Linda Roaldsnes (20%) frå september 2018.
Reinhaldar	Borgny Roald (21,33%) til 30. juni 2018
Reinhaldar	Kristina Raudiene (10%) frå 1. september 2018.

Valderøy kyrkje

Kyrkjetenar/klokkar:	Linda Margrethe Roaldsnes (60%)
Reinhaldar:	Kristina Raudiene (20%)

Giske kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar/ Reinhaldar /guide	Inger Magelssen Godø (60%)

Godøy bedehuskapell

Kyrkjetenar/klokkar	Tenesta blir delt mellom kyrkjetenar ved Valderøy og Giske og diakonen.

Soknеprestar

Sokneprest Valderøya	André Sjåvåg
Sokneprest Vigra og Giske	Geir Sakseid

For året 2019 vil André Sjåvåg bytte plass med Kjetil Austad Endal i Spjelkavik sokn for 6 månader.

3.1 Trusopplæring

Anne-Helen Roaldsnes har arbeida i 80% som kyrkjelydspedagog og har hatt permisjon i 20%. Anne-Helen går tilbake i 100% stilling frå 01.01.2019

3.2 Kyrkjekontoret

Vigdis Paulsen, sekretær, gjekk av med pensjon den 09. august 2018. Jobben vart utlyst internt sidan vi har fleire deltidstilsette. Inger Magelssen Godø vart tilsett i 40% stilling som sekretær og har til saman 100% stilling hjå fellesrådet.

3.3 Nettside

Vi har nettside til Kirkepartner si standardside. Redaktør for nettsida er Margaret Haugland. Vi har som mål å ha ein aktiv bruk av nettsida vår. www.giske.kyrkja.no. Vi har ei veldig god og oppdatert side og det er viktig at stab og sokneråd formidlar informasjon til nettredaktøren.

3.4 Endringar kyrkjetenar og reinhald

Borgny Roald, reinhaldar i Vigra kyrkje, gjekk av med pensjon den 30. juni 2018. Kristina Raudiene si reinhaldarstilling vart utvida med 10% for å ta reinhaldet i Vigra kyrkje i tillegg til Valderøy der ho har 20% stilling. Ved endringar i stab enten går av med pensjonen så vurderer vi kutt eller samanslåing av stillingar for å drive mest mogleg effektivt. For 2019 vil dei to kyrkjetenarane ansvar for å dekke opp mest mogleg av dei kyrkjelege handlingane i kyrkjene. Diakonen hjelper til med teneste i Godøy kapell. Linda Roaldsnes får hovudansvar for Valderøy og Vigra kyrkje, Inger Magelssen Godø får hovudansvar for Giske kyrkje og Godøy kapell.

Frå hausten 2018 har kyrkjelydspedagog Anne Helen Roaldsnes fått invilga permisjon i studievekene for å ta erfaringsbasert master i kyrkjeleg undervisning ved menighetsfakultetet.

Elles deltek profesjonane eller dei fagansvarlege på eigne fagdagar og kurs innanfor sitt felt.

Oversikt over stillingar per 31.12.2018	
Kyrkjeverje Turid Urkedal Valderhaug	100%
Inger Magelssen Godø, kyrkjetenar/klokkar, guide, sekretær	100%
Linda Roaldsnes, kyrkjetenar/klokkar	80%
Diakon Berit Johansen	100%
Kyrkjelydspedagog Anne Helen Roaldsnes	100%
Kantor Margaret Haugland	100%
Organist Dag-Filip Roaldsnes	40%
Reinhaldar Kristina Raudiene	30%
Tal på stillingar	6,5

3.5 Ferievikarar

3.5.1 – Kyrkjegardane.
Det er kommunen som t.d. leiger inn vikarar i sommarferien med grunnlag i tenesteytingsavtalen Fellesrådet har med Giske kommune.

3.5.2 – Kyrkjene.
Dei som har vore tilsett som vikarar dette året i kyrkjene er: Serianne Sjåvåg, Ole-Johan Valderhaug og Kristian Fauske Blindheim. For organistane har det vore: Per Lindseth og Runa Godø Sæther.

3.5.3 – Kyrkjekontoret
På kyrkjekontoret har vi overlappa kvarandre i ferien, slik at det ikkje har vore behov for vikarar. Inger Magelssen Godø vart tilsett som sekretær i 40% frå 14. august 2018.

3.5.4 – Omvisarane i Giske kyrkje.
Inger Magelsen Godø har ansvaret for omvisingstenesta og administrerer den. Ho tek delar av omvisinga sjølv og lærer opp og legg til rette for tenesta og har kontakta med guideselskapa. I sesongen 2018 var Fredrik Valderhaug og Solveig Rønning omvisarar i Giske kyrkje.

3.6 Personalutvikling /kompetansebygging/ arbeidsmiljøtiltak
Ein gong i veka er det **ministabmøte** på kyrkjekontoret. Dette er meir praktiske arbeidsmøter der ein planlegg arbeidet den næraste tida. Ein gong pr. månad har vi **personalmøte/storstabmøte** i kyrkjekjellaren på Valderøya. Dei fleste tilsette møter då – der evaluering av arbeidet og planlegging framover er tema.

Som ein start på hausten 2018 reiste staben til Lepsøy prestegard. Hans Fauske skyssa staben til Lepsøya med reketrålar. Det vart tråling på fjorden og fangsten vart til middag på prestegarden. I november samlast stab og sokneråd til adventsfest ilag, med god mat og litt program.



4. KYRKJEBYGGA

4.1 Vigra kyrkje



Ved Vigra kyrkje har vi fått bytta ut flomlysa til led-lys arbeidet vart ferdig til advent. Det er også kjøpt inn lampar til lys på gravplassen og dei skal setjast opp på dugnad. Det må leigast inn elektrikar til koplingane men dette skal være eit samarbeidsprosjekt med soknerådet.

For året 2019 har vi fått litt ekstra midlar til å male tårnfoten ved Vigra kyrkje.

4.2 Valderøy kyrkje

Litt vanleg vedlikehald er utført på kyrkja.

4.3 Giske kyrkje

Vi arbeider for å få løyve til å bygge kyrkjestove ved Giske kyrkje. I møte med Riksantikvaren, Fylkesantikvaren og Niku har vi fått positiv respons bygging av kyrkjestove. Lokal arkitekt har arbeida saman med fylkesarkitekt med ei skisse. Fellesrådet har fått klarsignal om bygging frå Riksantikvaren. Riksantikvaren/fylket har bestemt plassering og størrelse på bygget.

4.4 Godøy bedehuskapell.

Fellesrådet leiger bedehuskapellet til alle kyrkjelege handlingar på Godøya. I tillegg vert Alnes bedehus leigd til nokre gudstenester i året og gravferder til dei som bur på Alnes.

4.5 Johanneskapellet

Johanneskapellet har blitt eit vakkert smykke. Utsmykkinga av kapellet vart avduka av ordføraren 4. mars i 2018. Det var ei enkel markering i kapellet etter gudstenesta. Utsmykkingsnemnda vart takka og kunstnaren fekk fortelje om kunstutrykket og prosessen rundt arbeidet med glaskunsten. Prosjektet har vore eit dugnadsprosjekt og kyrkjelyden har samla inn totalt kr 750 000,-. Kunstnar Olav Leon Roald har skapt eit vakkert kunstverk i tett samarbeid med glasmestar Even Muldal og Anette Muldal. Leiaren for utsmykkingsnemnda, Otto Stornes, har utført eit godt arbeid for å få prosjektet i hamn. Totalkostnad for glaskunsten kom på om lag kr 1 089 000,- eks mva. Kapellet blir brukt til båreandakter, syningar, gravferder, dåp, konsertar, kveldsbøn og det har vore fleire bryllaup der. Staben startar alltid sine stabsmøte der og i tillegg blir kapellet brukt i konfirmantundervisning og i trusopplæringa.

Johanneskapellet, alterparti.

5. GRAVPLASSANE

Alt arbeid på kyrkjegardane vert utført som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen – ein avtale som fungerer tilfredstillande. Budsjettet for kyrkjegardane er lavt, men takka god dugnadsinnsats der sokneråda har stått for organiseringa, har vi fått utført mykje meir enn budsjettet normalt ville gi rom for.

Det har vore utfordrande å nå fram til kommunen med merksemd om at kyrkjegardsutviding er akutt og viktig å få på plass. Vi merkar vekseprosessane til kommunen ved at det er nesten umogleg å få sett av område til framtidig gravplassar. Det har blitt sett av noko plass på Valderøya der vi har starta på ny kyrkjegardsplan/utviding. Fellesrådet har føreslått to ulike område for utviding, men kommunen har fortsatt ikkje sett av plass til framtidig utviding. Løysinga må bli at vi legg til rette for fleire urnegraver.

5.1 Vigra gravplass

Ny planteplan er laga. Planen er å forlenge grusvegen inn på det nye feltet, og få ny innkøyringsveg. Det er og viktig å få opp lys på nye kyrkjegarden på Vigra. Vi har enda ikkje fått midlar til å gjennomføre desse planane. Soknerådet og nokre frivillige vil starte opp ei dugnadsgruppe på Vigra kyrkjegard.

5.2 Valderøy gravplass

Valderøy gravplass er snart full og plan for utviding og opparbeiding er i gang. Arbeidet med plan for gravplassen på Valderøya har fellesrådet arbeida med heile året, og det har vore oppe som sak i fleire omgangar. Det starta med planprosessen som vart laga saman med firma Norconsult. Samtidig med planprosessen var det kommunikasjon med kommunen i samband med økonomiske løyvingar til prosjektet. Prosjektet har vore varsla i fleire år så det skulle ikkje vere ei overrasking for kommunen. Detaljplanen for gravplassen vart ferdig seint på hausten og godkjenninga frå gravplasskonsulenten kom 14.12.2018. Anbodsinnbyding vart sendt ut rett etterpå. I mai-møtet valde vi Eldar Nordstrand frå firma Konbygg til prosjektleiar for gravplassutvidinga. Planen er å fullføre utvidinga i 2019.

5.3 Godøy gravplass

Ved Godøy kyrkjegard er det behov for ny plan over området og i tillegg bør ein snart starte arbeidet med utbygging.

5.4 Giske gravplass

Ordinært vedlikehald har vore utført. Elles er denne kyrkjegarden i fin stand.

6. PLANAR FOR 2019

Planlegginga av utviding og opparbeiding av gravplassen på Valderøy vart oppstarta allereie i 2017. Året 2018 har vore prega av oppstarten av prosjektet. I desember fekk vi godkjent planen av gravplasskonsulenten og Bispedømerådet.
Prosjektet er byggemeldt og det er sendt ut innbyding til å levere anbod. Frist for anbod er sett til slutten av januar. Prosjektet er ikkje fullfinansiert slik det er no, vi er avventande til anbod og prisnivå.

Arbeidet med gravplassane er eit kostbart og krevjande arbeid. Dette er eit arbeid vi gjer for kommunen og samtidig så må vi kjempe om midlar. Gravplassen på Godøya står for tur rett etterpå. Fokus er å få gode gravplasser med utvida bruk av urnegraver, minnelund og mest mogleg utnytting av areal. Samtidig må det være funksjonelle parkområde.

Fellesrådet har og starta arbeidet med å legge betre til rette for gjenbruk av gamle graver der det ligg til rette for det.

Kyrkjestova på Giske er ei anna stor sak. Det er stort behov for eit ekstra rom ved store gravferder, ein plass til kyrkjekaffi og trusopplæringstiltak. Fellesrådet har fått godkjent plassering av bygget med Riksantikvaren og fylket, og då står det tilbake å finne finansiering.

Kyrkja er i ei stor endring strukturelt og vi veit ikkje korleis dette vil påverke oss lokalt framover. Når det gjeld økonomi for kyrkja framover så er dette ikkje avgjort korleis kyrkja skal finansierast. I dette er det mange utfordringar både når det gjeld for tilsette, kyrkjebygg, sokneråd og kyrkjegardar. Endringane skjer ikkje over natta men det vil ta litt tid. Vår oppgåve er å halde fokus på kva som er viktig her og no, og følgje med på kva som skjer sentralt i kyrkja. Det viktige kyrkjelydsarbeidet er det arbeidet som blir gjort i kvart sokn.

Vi ser framover og ventar oss eit rikt og spanande arbeidsår.

Arnfinn Rune Giske

Turid Urkedal Valderhaug